

FUGLEN

Spele- og dansekveld i Stavanger



Lørdag, 3.mars kl 19.00

Me ynskjer å samla alt som kan krypa og gå av folkemusikarar og folkedanserar i heile Rogaland - **FUGLEN** inviterer til dansefest!

I løpet av kvelden får me mykje god dansemusikk med mellom anna Siri Dyvik, Håvard Ims og Vibå Spelemannslag. Men ikkje nøl med å slenga deg med for å spela, her er det plass til alle, uansett bakgrunn og instrument.

Me har også invitert den eminente dansaren Simon Hesselberg Løvald som hjelper til med å sørge for at det er "god gang" på dansegolvet heile kvelden.

Inngang: 100,-

Sted: Siddis-stova, BUL Stavanger sine lokale, med det beste dansegolvet i byen!

Adresse: Rektor oldens gt 17, rett ved Tjensvollkrysset. 5 min busstur frå sentrum.

Det vil bli sal av mat og drikke i regi av BUL Stavanger.

Ønskjer du eller laget ditt å spela ei økt, bidra med underhaldning eller til gjennomføring av **FUGLEN** generelt, er det alltid ope for det. Ta i så fall kontakt med FUGLEN sin eigen vert;

Tuva Færden: tuva.farden@gmail.com, +47 452 04 837

VELKOMMEN!

Om FUGLEN:

Folkemusikkarkivet for Rogaland, Ryfylkemuseet, står bak prosjektet **FUGLEN**, med namn inspirert av Fuglestadbrørne. Målet er å skapa ein møteplass open for alle, både dei som allereie har ei interesse for folkedans og folkemusikk i området, og for dei som er heilt ferske eller lurer på kva dette er.

FUGLEN vil ta form av fem danse- og spelekvevdar i løpet av 2018:

Lørdag 3.mars kl 19.00

Lørdag 7.april kl 19.00

+ 3 lørdager høsten 2018 (datoar kjem snart)

FUGLEN er ein stad folk møtest til spel, dans, ein prat og ein matbit. Er du nybegynnar eller garva dansar? Har du berre tatt nokre strøk på fela eller har du lyst til å få større kjennskap til din eigen folkemusikktradisjon? Er du nysgjerrig på kva dette er for noko? Velkomen til alle som vil hiva seg med, uansett motivasjon eller bakgrunn.

FUGLEN likar godt heimlege tonar og trinn frå Rogaland, men kan også flyga til andre trivelege område når vinden under vengene fører han med seg.

FUGLEN tek vare på det eksisterande, levande og byggjer reiret større med plass til alle med hjarte for folkemusikk og folkedans i Stavanger og omegn!

Arr: Folkemusikkarkivet for Rogaland, Ryfylkemuseet.

FUGLEN er støtta av FolkOrg/Dextra Musica, Sandnes Folkedanslag og BUL Stavanger.

I samarbeid med Bygda Dansar Rogaland - Rogalender